

MØTEPROTOKOLL

Organ	Kontrollutvalet
Møtestad	Fylkeshuset, Hermansverk, møterom Gula
Møtedato	13.12.2017
Kl.	10:00 – 15:15

Faste medlemer til stades: Frank Willy Djuvik, Odd Atle Stegegjerdet, Klaus Iversen, Karoline Bjerkeset, Lise-May Sæle

Forfall til møtet:

Varamedlemer til stades: Frode Bøthun

Til stades med møte- og talerett: Fylkeskommunen: Paal Fosdal (sak 55/17 pkt. 3a-c, sak 56/17); Katrine Røkke Wilson (sak 55/17 pkt. 3a-c, sak 56/17); Tor-Einar Holvik Skinlo (sak 55/17 pkt. 3d)

Deloitte: Frode Løvlie (sak 55/17 pkt.1 og 3a-3c, 56/17, 57/17, 58/17)

SF revisjon: Marianne Vara

Sekretariat for møtet: Einar Ulla

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Ope møte

Lise-May fekk permisjon frå kl. 14:30, og var ikkje med på handsaming av sak 55/17 pkt. 3d-f, sak 59/17 og 60/17

Sak 60/2017 – Val av sekretariatsordning - stod på saklista. Denne saka vart ikkje handsama då utvalsleiarane ikkje vart klar med ei sak til møtet. Saka kjem derfor på sakskartet våren 2018.

SAK 55/17 Skriv, meldingar og orienteringar kontrollutvalet - 13. desember 2017

Følgjande skriv, meldingar og orienteringar vart handsama i møtet:

1. Status Forvaltningsrevisjon v/Deloitte

a. FR Musea i Sogn og Fjordane

Rapport er sendt til verifisering. Frist for tilbakemelding er sett til starten på januar 2018. Rapporten skal bli klar til møtet i kontrollutvalet 20. februar.

b. FR Utdannings- og yrkesrådgiving i vgs

Deloitte har sendt ut ny prosjektplan, der endring med fokusgruppeintervju, som var avtalt i KU-møte 21. november, er teke inn. Kontrollutvalet ved sekretariatet mottok den justerte planen 6. desember. Ferdigdato for prosjektet er uendra, 23. mai 2018.

2. Status VIGO

Kontrollutvalet vedtek å delta i selskapskontrollen av VIGO, jfr. vedtak i KU-sak 28/17 (Sogn og Fjordane fylkeskommune) og etter prosjektplan datert 13.11.2017.

3. Orientering frå leiar og kontrollsjef

a. Innkjøp helsevikar

Assisterande fylkesrådmann og innkjøpssjef orienterte kontrollutvalet om saka, og etter ei spørsmålsrunde tok utvalet orienteringa til vitande.

b. Innkjøp reinhald Sogn jord- og hagebruksskule

Assisterande fylkesrådmann og innkjøpssjef orienterte kontrollutvalet om saka, der det kom fram at denne kontrakta vart teikna i ein periode der det var planlagt utvidingar på skulen. Etter ei spørsmålsrunde konkluderte utvalet i lag med representantane frå administrasjonen med at denne anskaffinga var å sjå på som ei ulovleg direkteanskaffing.

c. Avlysing av konkurranse varmesentralar med varmepumpe vatn/vatn

Assisterande fylkesrådmann og innkjøpssjef orienterte kontrollutvalet om saka. Fylkeskommunen har mottatt varsel om klage på avgjerda om avlysing av konkurransen, men ingen klage er mottatt. Orienteringa vart teken til vitande.

d. Rapport oppfølgingstenesta

Tor-Einar Holvik Skinlo orienterte om rapporten og vidare oppfølging av denne.

Kontrollutvalet vil eventuelt be om ei orientering om oppfølging i løpet av 2018.

- e. Fullmakt i samband med sekretariatsamarbeid i Sogn og Fjordane

Kontrollutvalsleiar fekk fullmakt til å starte ein dialog med styra i SEKOM og VEST kontroll for å diskutere framtidig samarbeid.

- f. Sak 4 i fellesnemnda sitt møte 18. desember

Leiar i utvalet orienterte om at fellesnemnda i sitt møte 18. desember skal handsame sak (sak 4/2017) om delegering av mynde til fylkesrådmennene/prosjektleiar. I denne saka vert det føreslege å gje fylkesrådmennene/prosjektleiar fullmakter vedr. den administrative organiseringa og overføring og tilsetjing av personell i den nye fylkeskommunen. Det er lagt fram følgjande framlegg til vedtak:

1. Fellesnemnda gjev fylkesrådmennene/prosjektleiar fullmakt til å utforme og fastsetje den administrative organiseringa av den nye fylkeskommunen i samsvar fellesnemnda si vedtekne politiske organisering samt føringane i intensjonsplanen, datert 17.01.17.
2. Fellesnemnda gjev fylkesrådmennene/prosjektleiar fullmakt til å inngå avtalar om innkjøp og drift av administrative styringsverktøy for den nye fylkeskommunen.
3. Fylkesrådmennene/prosjektleiar får fullmakt til overføring og tilsetjing av personell i den nye fylkeskommunen, samt til å gjere vedtak i personalsaker. Med denne fullmakta følger også ansvaret for eit informasjons- og drøftingsopplegg med dei tillitsvalde gjennom samanslåingsprosessen.

Kontrollutvalet meiner at fellesnemnda ikkje bør delegerare administrativ organisering av, og tilsetjing av personell ved kontrollutvalssekretariatet til fylkesrådmennene/prosjektleiar, då dette er kontrollorgan for den nye fylkeskommunen, og vil då mellom anna få som oppgåve å kontrollere administrasjonen. Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtok å sende følgjande endringsframlegg til fellesnemnda i sak 4/2017.

Kontrollutvalet foreslår at det vert teke inn følgjande endring i tilrådinga i sak 4/2017:

Punkt 1 «.....med unntak for sekretariatet for kontrollutvalet»

Punkt 3 «med unntak for stillingar i sekretariatet for kontrollutvalet»

Framlegget til vedtak vert med kontrollutvalet sitt forslag slik:

1. Fellesnemnda gjev fylkesrådmennene/prosjektleiar fullmakt til å utforme og fastsetje den administrative organiseringa av den nye fylkeskommunen med unntak for sekretariatet for kontrollutvalet, i samsvar fellesnemnda si vedtekne politiske organisering samt føringane i intensjonsplanen, datert 17.01.17.
2. Fellesnemnda gjev fylkesrådmennene/prosjektleiar fullmakt til å inngå avtalar om innkjøp og drift av administrative styringsverktøy for den nye fylkeskommunen.
3. Fylkesrådmennene/prosjektleiar får fullmakt til overføring og tilsetjing av personell i den nye fylkeskommunen med unntak for stillingar i sekretariatet for kontrollutvalet, samt til å gjere vedtak i personalsaker.

Med denne fullmakta følger også ansvaret for eit informasjons- og drøftingsopplegg med dei tillitsvalde gjennom samanslåingsprosessen.

SAK 56/17 Forvaltningsrevisjon - Innkjøp - rapport

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gje slik tilråding:

Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av innkjøp til etterretning
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen følgje opp tiltaka i rapporten slik:
 - a. oppdatere strategi og rutinar, slik at desse vert i samsvar med nytt regelverk
 - b. syte for at rutinar og retningsliner er enkelt tilgjengelege for tilsette og leiarar
 - c. sikre tydelegare krav til kompetanse og tilby føremålstenleg opplæring av bestillarar i fylkeskommunen
 - d. gjennomgå område med høg omsetnad for å sikre at ein har rammeavtalar der det er behov
 - e. innføre meir treffsikre rutinar for å avdekkje brot på regelverk og innkjøp utanfor rammeavtalar
 - f. innarbeide nye krav i regelverket for sosial dumping i rutineane, og sikre at krav knytt til oppfølging av arbeidsvilkår og underleverandørar vert etterlevd
 - g. gjennomgå dei brota på regelverket som er avdekka i denne revisjonsrapporten og gjere naudsynte tiltak som sikrar at det ikkje vert kjøpt inn ulovleg frå desse leverandørane
 - h. oppdatere strategi og rutinar i samsvar med organiseringa av ny region
 - i. sikre tydelegare krav til bestillarrolla i den nye regionen
3. Tiltaka a - g bør gjennomførast i løpet av 2018. Tiltaka h og i vert å gjennomføre i samband med organiseringa av ny region.
4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen melde tilbake til kontrollutvalet om status på oppfølginga innan 31. desember 2018

Endringsframlegg frå Frank Willy Djuvik:

1. Saka vert utsett til neste møte i kontrollutvalet.
2.
 - a. Før saka vert handsama på nytt ber kontrollutvalet om at kontrollsjefen utgreier følgjande evt. får gjennomført ei ekstern vurdering, og legg vurderingane inn i saka eller i fleire saker:
 - i. Be fylkesrådmannen om å skriftleg gjere greie for kjøp av reinhaldstenester ved Sogn Jord- og hagebruksskule, og inkludere denne informasjonen i saka, med framlegg til korleis følgje opp saka.
 - ii. Be fylkesrådmannen om å skriftleg gjere greie for gjennomføring og seinare avlysing av konkurranse om kjøp av varmesentralar med varmepumpe av type vatn/vatn i fylkeskommunale bygg, og gjere ei vurdering av bakgrunnen for avlysinga.
 - iii. Be fylkesrådmannen om å skriftleg gjere greie for prosessen og vurderingane med anskaffing av helsevikartenester på vegne av 12 kommunar i Sogn og

Fjordane. Spesielt ber kontrollutvalet om ei vurdering av om ein i konkurransegrunnlaget og gjennomføringa av konkurransen har sikra seg tilstrekkeleg mot sosial dumping, og korleis dette vert handtert i kontraktsoppfølginga.

- b. Kontrollutvalsleiaren vert bedt om å oppmode kontrollutvala i dei 12 berørte kommunane om å stille følgjande spørsmål til sin eigen administrasjon, og melde dette tilbake til kontrollsjefen:
 - i. Kva fullmaktsstruktur har kommunen for å kunne bestille eller delta i rammeavtalar i regi av Innkjøpssamarbeidet i Sogn og Fjordane (SFFI)?
 - ii. Kva vurderingar vart gjort før ein bestemte seg for å være med på rammeavtale om helsevikarar?
 - iii. Korleis har kommunen vurdert drøftingsplikta med dei tillitsvalde, og når har ein gjennomført dette?
 - iv. I kor stor grad har ein nytta seg av rammeavtalen?
 - v. Korleis er kontraktsoppfølginga av kontrakten med tanke på å motverke sosial dumping?
 - vi. Andre relevante spørsmål som kontrollutvalsleiaren, i samråd med kontrollsjefen finn naudsynt.
3. Kontrollsjefen får mynde til å nytte seg av revisor eller anna naudsynt intern og/eller ekstern kompetanse i den grad det er naudsynt for å vurdere opplysningane i saka.
4. Kontrollutvalet vil kalle inn administrativ kompetanse som fylkesrådmannen, økonomisjefen, innkjøpssjefen, bygg- og eigedomssjefen og fylkesdirektør for samferdsle for å svare på spørsmål knytt til funna i forvaltningsrevisjonsrapporten og dei andre sakene i den grad utvalet vurderer det som føremåltleg. I tillegg vert representant for Fagforbundet og eventuelt andre relevante aktørar invitert til å orientere utvalet. Kontrollutvalsleiari kan i samråd med kontrollsjef vurdere om intervjua/orienteringane skal gjennomførast som ei eiga kontrollhøyring.

Avrøysting:

Endringsframlegget vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Saka vert utsett til neste møte i kontrollutvalet.
2.
 - a. Før saka vert handsama på nytt ber kontrollutvalet om at kontrollsjefen utgreier følgjande evt. får gjennomført ei ekstern vurdering, og legg vurderingane inn i saka eller i fleire saker:
 - i. Be fylkesrådmannen om å skriftleg gjere greie for kjøp av reinhaldstenester ved Sogn Jord- og hagebruksskule, og inkludere denne informasjonen i saka, med framlegg til korleis følgje opp saka.
 - ii. Be fylkesrådmannen om å skriftleg gjere greie for gjennomføring og seinare avlysing av konkurranse om kjøp av varmesentralar med varmepumpe av type vatn/vatn i fylkeskommunale bygg, og gjere ei vurdering av bakgrunnen for avlysinga.
 - iii. Be fylkesrådmannen om å skriftleg gjere greie for prosessen og vurderingane med anskaffing av helsevikartenester på vegne av 12 kommunar i Sogn og Fjordane. Spesielt ber kontrollutvalet om ei vurdering av om ein i konkurransegrunnlaget og gjennomføringa av konkurransen har sikra seg

- tilstrekkeleg mot sosial dumping, og korleis dette vert handtert i kontraktsoppfølginga.
- b. Kontrollutvalsleiaren vert bedt om å oppmode kontrollutvala i dei 12 berørte kommunane om å stille følgjande spørsmål til sin eigen administrasjon, og melde dette tilbake til kontrollsjefen:
 - i. Kva fullmaktsstruktur har kommunen for å kunne bestille eller delta i rammeavtalar i regi av Innkjøpssamarbeidet i Sogn og Fjordane (SFFI)?
 - ii. Kva vurderingar vart gjort før ein bestemte seg for å være med på rammeavtale om helsevikarar?
 - iii. Korleis har kommunen vurdert drøftingsplikta med dei tillitsvalde, og når har ein gjennomført dette?
 - iv. I kor stor grad har ein nytta seg av rammeavtalen?
 - v. Korleis er kontraktsoppfølginga av kontrakten med tanke på å motverke sosial dumping?
 - vi. Andre relevante spørsmål som kontrollutvalsleiaren, i samråd med kontrollsjefen finn naudsynt.
 3. Kontrollsjefen får mynde til å nytte seg av revisor eller anna naudsynt intern og/eller ekstern kompetanse i den grad det er naudsynt for å vurdere opplysningane i saka.
 4. Kontrollutvalet vil kalle inn administrativ kompetanse som fylkesrådmannen, økonomisjefen, innkjøpssjefen, bygg- og eigedomssjefen og fylkesdirektør for samferdsle for å svare på spørsmål knytt til funna i forvaltningsrevisjonsrapporten og dei andre sakene i den grad utvalet vurderer det som føremåltenleg. I tillegg vert representant for Fagforbundet og eventuelt andre relevante aktørar invitert til å orientere utvalet. Kontrollutvalsleiar kan i samråd med kontrollsjef vurdere om intervjua/orienteringane skal gjennomførast som ei eiga kontrollhøyring.

SAK 57/17 Plan for forvaltningsrevisjon 2018 - 2020

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Kontrollutvalet vil i første halvår 2018 gjennomføra ei evaluering av gjeldande plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020.
 2. Kontrollutvalet ber Deloitte om å utarbeida forslag til ein prosjektplan for gjennomføring av ei slik felles evaluering av dei vedtekne planane i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune, i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
 3. Prosjektplanen skal leverast sekretariata innan 17.1.2018 og skal handsamast i møte i kontrollutvala i februar 2018.
-

SAK 58/17 Forvaltningsrevisjon - Reiseliv - bestilling

Dette gir følgende VEDTAK:

1. Kontrollutvalet godkjenner bestillinga slik den ligg føre.
2. Kontrollutvalet ber om at bestillinga vert sendt til Deloitte AS

SAK 59/17 Oppfølgingsliste 7 - 2017

Dette gir følgende VEDTAK:

1. Oppfølgingsliste 7 - 2017 vert teken til vitande
